

# Vise til Arnold

I livet vart eg ein langvegstreider  
og vegen som eg trør, er fiskarbåtens dekk.  
Men ofte hugen i natta speider  
mot Vågen der eg barneåra fekk.

## Refreng:

I alle hamner eg gjester på min veg,  
eg møter minnet om ei stø og mine første steg.  
Eg har min heim der ei fiskarhytte låg.  
Når kvelden mørknar, vil eg heim til Sirevåg.

Der Jæren strekkjer si låge sandstrand  
og kransar Ognabukta romsleg inn mot nord,  
kjem Dalalandet si nakne fjellhand  
som krøkte fingrar kring ein fiskarfjord.

Med sjøen knytta eg tidleg banda.  
Frå heimestøa bårar bølgja i mitt blod.  
Og når ho bryt mot den siste stranda,  
eg veit ein stad der ho kan finna ro.

Tekst: Tobias Skretting 1995  
Melodi: Steen-Jensen